



STATENS VEGVESEN Region vest
Postboks 41
6861 LEIKANGER

Dato: 30.10.2017
Vår ref.: 2017/2443-6
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Klage på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse frå Fv 7 til gbnr 54/16 i Kvam herad - melding om vedtak

Vi viser til dykkar brev av 07.03.17 i høve nemnde sak.

Den fylkeskommunale klagenemnda i gjorde medhald av forvaltningslova § 28 2. ledd følgjande vedtak i saka møte 24.10.17:

Klage av 08.02.17 frå Hilde Laupsa og Daniel M. T. Møgster over Statens vegvesen sitt vedtak av 26.01.17 vert ikkje teke til følgje.

Vedlagt følgjer utskrift av saksprotokollen og fylkesrådmannen sitt saksframlegg. Saksframlegget er grunngevinga for vedtaket.

Klageinstansen sitt vedtak i klagesak kan ikkje påklagast, jf forvaltningslova § 28 3. ledd 1. punktum.

Vi ber dykk orientere klagaren om vedtaket i saka.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2017/2443-4
Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda	53/17	24.10.2017

Klage på søknad om utvida bruk av avkøyrslø frå Fv 7 til gbnr 54/16 i Kvam herad

Samandrag

Saka gjeld klage på SVV sitt avslag på søknad om utvida bruk/flytting av avkøyrslø frå Fv 7 til gbnr 54/16 i Kvam herad, og dispensasjon frå byggjegrensa for oppføring av nytt bustadhus på same eigedom. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er lagt fram konkret grunnlag for å trekkje SVV si vurdering av trafikktryggleiken i tvil, og fylkesrådmannen kan heller ikkje sjå at det ligg føre heimel for å gje dispensasjon frå byggjegrensa. Fylkesrådmannen rår difor til at klaga ikkje vert teke til følgje.

Forslag til vedtak

Klage av 08.02.17 frå Hilde Laupsa og Daniel M. T. Møgster over Statens vegvesen sitt vedtak av 26.01.17 vert ikkje teke til følgje

Saksprotokoll i klagenemnda - 24.10.2017

Christoffer Thomsen (Frp) sette fram slikt alternativt forslag:

«Klaga vert teken til følgje.»

Røysting.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst (Frp) for Thomsen sitt forslag.

Vedtak

Klage av 08.02.17 frå Hilde Laupsa og Daniel M. T. Møgster over Statens vegvesen sitt vedtak av 26.01.17 vert ikkje teke til følgje

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Bilete frå området kring Kvam herad, gbnr 54/16
- 2 17_8374-4 Handsaming av klage - søknad om avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrense - fv. 7 - gnr. 54 bnr. 16 - Kvam herad med vedlegg
- 3 Oppdattering info søknad

Fylkesrådmannen, 19.09.2017**Bakgrunn**

Hilde Laupsa og Daniel M. T. Møgster (søklarane) søkte i brev av 16.01.17 Statens vegvesen (SVV) om utvida bruk/flytting av avkøyrsløse frå Fv 7 til gbnr 54/16 i Kvam kommune (eigedom) og dispensasjon frå byggjegrensa for oppføring av nytt bustadhus.

SVV vedtok i brev av 26.01.17 å avslå søknaden. Dette vedtaket blei i brev av 08.02.17 påklaga av søklarane. SVV opprettheldt i brev av 07.03.17 sitt vedtak om avslag på søknaden. Saka blei difor oversendt til klagenemnda for endeleg vedtak.

I brev frå søklarane dagsett 07.09.17 kjem søklarane med nye opplysningar som gjer at saka berre gjeld spørsmålet om avkøyrsløse

Søknaden

I den opphavelige søknaden, som er påklaga, heiter det m.a følgjande:

[...] For å realisere prosjektet med ny bustad, så må vi også få til ei god avkøyrsløse. [...] Han [(arkitekt)] foreslår å flytte avkøyrsløse ca 20m mot aust for å betre siktforholda og at ein lettare kjem på rett måte ut i vegbana. Samstundes blir vegen ned til ny bustad lenger, slik at stigningstilhøva blir betre. [...] Eigar på oppsida av vegen gnr 54/bnr 5 kan ev avstå noko grunn til utbetring av Rv7 på staden, slik at siktlinje blir endå betre i retning aust og at større køyretøy på staden får betre forhold.

Situasjonskart innteikna noverande og omsøkt avkøyrsløse og bustadhus følgjer vedlagt saka.

Nye opplysningar

I brev frå søklarane av 07.09.17 heiter det m.a følgjande:

Det var i utgangspunktet i januar søkt for et nybygg, dette har vi gått bort frå og skal nå pusse opp eksisterende bolig.

[...]

I den første søknaden ble det opplyst at det var til utvidet bruk, dette stemmer ikke. Eksisterende bustad har 5 soverom, etter oppussing blir dette redusert til 4 soverom.

[...]

Det vi ønsker er at innkjørsel blir flyttet lenger ned (øst) i svingen (slik som tegningene viser), da vil en få betre oversikt både innover og utover om en kommer kjørende frå Øystese.

Dei nye opplysningane inneber at klagen på spørsmåla om dispensasjon frå byggjegrensa, og utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse fell bort. Ein står att med spørsmålet om flytting av avkøyrsløse.

Grunnlag for handsaming av søknaden

I veglova § 40 heiter det m.a følgjande:

Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret [...].

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. [...]

Reguleringsplan som nemnd i § 40 ligg ikkje føre. I kommuneplanen har området status som Landbruks-, natur- og friluftsmål.

I rammeplanen er det gjeve m.a følgjande føresegner om avkjørsler gjeldande for den aktuelle vegstrekninga:

- Talet på avkjørsler til vegane må vere svært avgrensa. [...]
- Nye avkjørsler bør ikkje godkjennast utan at det føreligg stadfesta reguleringsplan som godkjenner ei slik løysing, eller etter veglova. Val av stad for avkjørsler må vurderast nøye med tanke på den framtidige arealutviklinga.

Det er i rammeplanen presisert prinsipp som bør leggast til grunn ved handsaming av avkjørslesøknader, med omsyn til plassering i tilknytning til riks- og fylkesvegar. Blant desse er følgjande:

- Teknisk utforming av avkjørsler må vere i samsvar med [SVV si] handbok 017 og handbok 217.
- Avkjørsleløyisingar som betrar dagens trafikktryggleik, må vurderast positivt.
- Nye avkjørsler vert vist til gamal trasé der denne er rimelig nær.
[...]
- Avkjørsler bør gjerast godt synlege frå hovudveg [...].
[...]

Handbøkene er utforma av SVV og heimla i veglova.

SVV sitt vedtak i høve søknaden

SVV sitt vedtak av 26.01.17 har følgjande ordlyd:

Med heimel i Veglova § 40 vedtek Statens vegvesen å avslå søknad om utvida bruk/flytting av eksisterande avkjørsle. Med heimel i Veglova § 30 er og søknad om dispensasjon frå byggegrensa for oppføring av bustadhus avslått, då tiltaket krev godkjent avkjørsle etter Veglova.

Spørsmålet om dispensasjon frå byggegrensa er som nemnd ikkje lengre aktuelt.

Forannemnde vedtak er grunngjeve slik:

Krav til sikt er ikkje tilfredsstillande.

Klagen

I brev av 08.02.17 frå søkjarane heiter det m.a følgjande:

Om ein ikkje kan flytte avkjørsle vil me fortsetja å bruke den eksisterande avkjørsle, som er farligare og meir risikofylt enn det andre alternativet om å flytta avkjørsle. Eit alternativ kan være å utbedra eksisterande avkjørsle slik at ein får svinga raskare av hovudvegen.

Det er 80-grense på staden, men sidan det er ein ganske krass sving er det svært få som faktisk held 80 på staden. Me forstår at siktlinjene ikkje er i henhold til dagens praksis, men ein må ta hensyn til at det er ei eksisterande utkørsle som blir føreslått utbetring på.

SVV sitt vedtak i høve klaga

I brev av 07.03.17 gjorde SVV følgjande vedtak i klagesaka:

Me opprettheld difor vårt avslag på søknad om avkøyrsla og dispensasjon frå byggegrense, og ender saka over til Hordaland fylkeskommune for avgjerse.

I grunngjevinga for vedtaket heiter det m.a følgjande:

Etter Statens vegvesen sitt syn samsvarar ikkje avkøyrsla med den bruken det no er søkt om.

Krav til sikt i avkøyrslar er ikkje berre viktig i forhold til brukarane av avkøyrsla, men også andre trafikantar. Her vil spesielt biler som kjem frå Fykse og skal svinga til venstre inn i avkøyrsla, kunne vera vanskelege å sjå både for trafikantar som kjem frå Fykse og Laupsa. Dette kan skapa trafikkfarlege situasjonar.

Bilete av avkøyrsla følgjer vedlagt saka.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er tvist om dei faktiske tilhøva med omsyn til den eksisterande avkøyrsla eller ei eventuell ny avkøyrsla. Usemja gjeld om opparbeiding av den omsøkte avkøyrsla, vil oppfylle kriteria i veglova og retningslinene og prinsippa i rammeplanen, som attgjeve i avsnittet om avkøyrslar, og gjennom det skape auka trafikktryggleik.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til faginstansen SVV si vurdering av trafikkbiletet langs fylkesvegen og trafikktryggleiken i det aktuelle området, og kan ikkje sjå at det finst grunnlag for å trekkje i tvil konklusjonen om kva som gjev størst trafikktryggleik. Fylkesrådmannen vil i tillegg peike på at søkjarane i si klage opnar for å utbetre den eksisterande avkøyrsla. Fylkesrådmannen rår på grunnlag av denne vurderinga til at klagen på avslaget på søknad om flytting av eksisterande avkøyrsla ikkje vert teke til følge.